



Vang kommune

ArkivSakID: 20/326
JournalpostID: 22/1219
ArkivID: K1-143
Saksbehandlar: Bjørnar Sæthershagen

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
003/22	Kommunestyret	10.02.2022

Planprogram kommunedelplan naturmangfald - Høyring

Vedlegg:

03.02.2022 Planprogram kdpl naturmangfald 184657

Saksopplysningar:

Vang kommunestyre har i møte den 10.09.2020 (saknr. 057/20) vedteke kommunal planstrategi for 2020-2023. I vedteke planstrategi skal det utarbeidast ein kommunedelplan for naturmangfald, jamfør plan- og bygningsloven §11-1 tredje ledd i perioda 2022-2023. Administrasjonen har no utarbeida eit planprogram for høyring og offentleg ettersyn.

Vurdering:

Føremålet med planprogrammet er å sikre god medverknad til planprosessen og eit godt innhald i kommunedelplanen.

Naturmangfald er kort forklart alt av ulike variasjonar av liv i naturen vår. Det omfattar alle dyr og plantar i dei ulike økosystema. Samtlege artar har ein eigen funksjon som bidreg til at økosystema fungerer og samhandlar med kvarandre, noko som gjev samfunnet verdifulle tenester (økosystemtenester).

Alle kommunar blir jf. Stortingsmelding «Natur for livet» (Meld. St. 14 (2015-2016)) oppmoda til å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald. I stortingsmeldinga står det:

«Regjeringen ønsker å legge til rette for at kommunene kan øke sin kompetanse om naturmangfold. Regjeringen foreslår at dette skal skje gjennom et godt kunnskapsgrunnlag og økt veiledning, og gjennom et pilotprosjekt om kommunedelplaner for naturmangfold. I dette pilotprosjektet vil det bli lagt vekt på de verdiene som naturmangfoldet representerer i nasjonal, regional og lokal sammenheng.»

I den kommunale planstrategien(2020-2024) for Vang kommune er det vedteke at Vang kommune skal prioritere nye tematiske kommunedelplanar for å auke kunnskapsgrunnlaget før ein startar opp arbeidet med kommuneplanens samfunns- og arealdel. Kommunedelplan for naturmangfald er ein av desse.

Med ein kommunedelplan for naturmangfald ynskjer ein fyrst og fremst å auke kunnskapsgrunnlaget. Gjennom samanstilling av eksisterande og ny kunnskap vil planen kunne

nyttast som eit verktøy for å sikre og skjømte naturmangfaldet i kommunen på beste måte.

Jamfør plan- og bygningslova § 4-1 skal alle kommuneplanar som eit ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som legg grunnlaget for planarbeidet. For å følgje planprogrammets tentative framdriftsplan vil ein sette ein høyringsfrist på fire veker.

Framlegg til vedtak:

Jamfør plan og bygningslova §§ 4-1, 11-1 legg Vang kommunestyre planprogram for komunedelplan naturmangfal ut på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist fire veker.

Kommunestyret 10.02.2022:

Behandling:

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS- 003/22 Vedtak:

Jamfør plan og bygningslova §§ 4-1, 11-1 legg Vang kommunestyre planprogram for komunedelplan naturmangfal ut på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist fire veker.